



Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8014 Dep
0030 OSLO

Dato: 05.02.2015
Vår ref.: 2014/22282-53
Sakshandsamar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 632

Høring av høringsnotat om melding til Stortinget om vekst i norsk laks og aureoppdrett - Oversending av møteprotokoll

Vi viser til Dykkar brev av 07.11.2014, høring av høringsnotat om melding til Stortinget om vekst i norsk lakse- og aureoppdrett. Vår søknad om utsett frist av 08.12.2014, og Dykkar avslag på søknaden av 15.12.2014, samt vår oversending av saksframstillinga med framlegg til vedtak av 05.01.2015.

Saka vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 29.01.2015. Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke:

1. Hordaland fylkeskommune er grunnleggjande einig i framstillinga av vekst- og berekraftsutfordringane i høringsnotatet, og meiner forslaga er relevante for å fremje ei meir robust, føreseieleg og miljøriktig forvaltning og teknologi.
2. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om å styre vekst etter handlingsreglar basert på miljøindikatorar, og at ein startar med å nytte lakselus og utslepp på områdenivå som berekraftsindikatorar. Samstundes ber ein om at fagetatane sin oppfølging av eksisterande lokalitetsavhengige miljøindikatorar vert styrkt.
3. Hordaland har erfaring med fleire forslag om kollektiv reduksjon av produksjon i Hardanger/-Sunnhordland. I praksis er dette sær s vanskeleg å gjennomføre, og denne kunnskapen må takast med i det vidare i arbeidet.
4. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om å oppheve bindinga for løyva til Fiskeridirektoratet sine administrative grenser og erstatta dette med binding til meir funksjonelle produksjonsområde. Fylkeskommunen må vera delaktig i prosessane for oppretting av produksjonsområda.
5. Hordaland fylkeskommune ynskjer at meldinga til Stortinget i større grad skal vurdere effekten og konsekvensar av lukka oppdrettssystem. Løysingane kan bidra innan alle berekraftsutfordringane som vert trekte opp i høringsnotatet.

Gudrun Mathisen
leiar

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Møteprotokoll